

LINDAS KOMMUNE		23-February-2017
Klarsøring		
23.02.2017		
Aktørnr	Løpnr	
16/1850		
Søknad		

Søknad om løyve til å ta imot stein og jord til forbetring av dyrka areal

Eg søker med dette om løyve til å ta imot stein og jord til forbetring av dyrka mark på Hellestveit. Arealet er ein del av gnt.122 bnr.2. Arealet er fulldyrka og storleiken er om lag 20da.

Årsaka til at arealet treng forbetring er at over tid har jorda vorte oppbrukt. Det er ikkje lenger utløp frå grøftene. Arealet kan oppattgrøftast, men kostnaden vil verte svært høg då det er naudsynt å sprengje om lag 150-200 meter kanal i grense mot nabo for å få utløp. Arealet er og særskilt grunnlendt mange stader, med fjell som kjem opp i dagen.

Truleg er det difor best å fylle på ny jord. Området kan sikrast mot å gli ut ved å lage ein steinvoll mot nabo søraust. Vollen vil verte 3-4 meter høg, og bakom kan det fyllast på så mykje jord at ferdig planert og sett areal vert 3-5 meter høgare enn i dag. Fall vert mot søraust, og drenering vil som i dag munne ut i bekken som renn i grensa mellom mitt bruk og naboen i søraust.

Arealet er naturleg avgrensa på alle kantar av høgdedrag i terrenget. Området er avgrensa mot nordaust av FV 57, og mot nordvest av eksisterande driftsveg på bruket. Ferdig planert areal vil stoppe ved denne vegen i same høgde som vegen ligg i dag. Mot sørvest er området avgrensa av høgdedrag. Fyllinga vil ikkje overstige desse. Mot sørvest er det og avgrensing av høgdedrag. Inni arealet er det nokre mindre fjellknauser som det kan vere aktuelt å sprengje vekk.

Eksisterande matjord på området vil verte gravd av og lagd til side for å leggast tilbake som topplag når fylling og planering er ferdig.

Planen er å ta imot massar frå dei industriareala på Mongstad som no og i dei næraste åra skal byggast ut. Massane er for det meste myrjord av ulike omdanningsgrad. Dersom ein kan få tilgjenge til eit eksisterande deponi som inneheld om lag ein million kubikkmeter jord, vil tilført masse vere meir fast masse og til dels gammal havbotn.

Ved mottak må det lagast eit system der dei øvste massane i området som vert gravd av vert lagd på vent, medan botnmassar og stein vert lagd i botnen av fyllinga.

Fyllingshøgde vert i snitt om lag 5 meter høgde når arbeidet er avslutta. For å nå ei slik varig høgde vert det truleg naudsynt å fylle på dobbel mengde, då ein må rekne monaleg setting av massane, meir jo meir vatn det er i myrjorda. Utrekna trong for tilført masse vert då $20000\text{m}^2 \times 5\text{m} \times 2 = 200000\text{m}^3$.

Eg reknar med at heile arbeidet frå oppstart til avslutning vil vare i om lag 5 år. Området skal framleis nyttast til jordbruk etterpå, og jo kortare tid det går, jo betre.

Det er usikkert korleis transporten kan gjennomførast. Om eg får dei avtalene eg ynskjer og som førebels er diskutert, vil det ikkje verte naudsynt å nytte offentleg veg i særleg grad. Frå RV er det grei tilkomst til området der jorda skal fyllast i.

Det er førebels ikkje inngått avtale med nokon leverandør av masse. Dette vil eg først gjere når det er klart at eg får løyve til å gjennomføre tiltaket.

Området er dyrka mark og har vore det mange år. Mot sør og aust grenser området til udyrka myr. Dette er område som i gjeldande kommunedelplan er sett av til industri og næring. Det er ingen kjende funn av særskilte miljø- eller naturmangfaldelement. Det er ikkje funne spesielle artar av blomar eller fuglar, og det er heller ikkje gamle kulturminne på staden.

Massane som skal tilførast må vere reine. Det vil verte laga eit system for dokumentasjon som leverandøren må ta i bruk. Her vil eg nytte meg av dei erfaringane som andre har gjort. Fleire av dei som har teke imot mykje tilkøyrde massar, har erfaring med korleis ein kan gjere entreprenøren ansvarleg for at massane ikkje inneheld ureining.

Avrenning for feltet er til unytta myr. Det er eit stor område der eventuell avrenning vil verte filtrert. Bekken renn til Skåptjern om lag 500 meter unna, og vidare til sjøen etter om lag 2km. Dersom det syner seg at det vert avrenning frå feltet, vil ein nytte duk eller lense for å fange opp avrenninga.

Det er ikkje naboar eller nærområde som vert råka av tiltaket. Naboen som eig myra mot søraust vil få varsel.

Langs basevegen er det lite mjuke trafikantar, og ingen bustadeigedomar nyttar denne vegen. Det er heller ikkje særleg med syklande eller gåande som nyttar FV 57 til ferdsel. I røynda er det berre eg og huslyden min som vil merke støy frå arbeidet. For vår del kan arbeidet like gjerne skje om natta. Dersom dette vert mogeleg, vil det gjere ulempene ved eventuelt å nytte offentleg veg til transport mykje mindre.

På den bakgrunnen som er synt over, meiner eg tiltaket er særst godt. Det gjer det mogeleg å ta vare på masse som elles vert «kasta» i ein dunge. God matjord kan haldast i drift i 30 nye år, og vidareføring av landbruket på eit område som i gjeldande plan er sett av til ei «grøn lunge», vert mogeleg på ein betre måte enn om eg må investere i nye grøfter utan å tilføre nye jordmassar.

Eg vonar kommunen ser positivt på tiltaket, og at løyve kan gjevast.

Eg legg ved kart. Eg har ikkje laga profilar, då eg meiner det ikkje vil gje særleg informasjon utover det kartet syner.

Hellestveit 18.02.2019


Jostein H. Hellestveit